

82. ¹ Tone: Millum bakkar aa berg ut med have

1. No paa storleikjen folkje vort leva
De kje smaating ein no bala med
Paa dei tusinde maatar ein stræva
Vøra storkar i mat aa i klær.

2. Alle veit me at anden aa kjøte
Kan kje einast men liggjar i strid
Da er faafengt ein lappa aa bøte
Me kjem aller vorhera forbi.

3. Svære hugar i menneskehjarta
Der so mangtslag i tankarna sviv
Ikkje alt til da bedsta seg arta
Ein maa vara baa æra og liv.

4. Sværre hugen kring verdi aa fara
Sjaa aa glana kor folk fara aat
Sjaa da læra aa samla aa spara
Inkjetyna da komma i graat

5. Alle stadar baa heima aa ute
Er dar vanskar i tusinde tal
Og i Gosenland Jacob fann sute
End i *Coar* var møda aa bal.

6. Svære hugen aa grave til kroner
Tenk ein heimstad lyt lagast ein gong
Jau dei koma dei levande voner
Jau dei koma med heile sin trong.

7. Da er krunor det gjældar dessvære
Skal ein fylja med tidsandi no.
Dei er kostsame heimarna berre
Att aat da so skal veksa aa gro

8. Der er kraft i dei levande voner
Sjaa kva trongjen aa elskjen hev gjort,
Ut av meimar her er millionar
Aa vort heimland det veksar seg stort.

9. Men sjaa syndi den alting vil smitta
Til kvart yrkje den klinar seg fast
Ja dei gildaste hugmaal vert splitta
Aa dei glupaste voner dei brast.

10. Naar da vonda i menneskehjarta
Heve valde te styra aa raa
Daa da levna da stygga da svarta.
Krig aa dyrtid vil syna seg daa.

11. Her i heimar so ikkje er gilde
Korkje elsk eller hunad aa sjaa
Aa kor indarleg vel so ein vilde
Jamna paa det so er dar kje raa.

12- Da va Satan so treista – sa «Eva»
Men for skuldi ho vart ikkje fri
Du er mannen – David laut teia
Sjølvs han dømde aa sjølv laut han li.

13. Hev ein synda aa gjort noko illa
Faar ein sjølv lida straffi aa ret
Maa da væra naar sjølv ein vil spilla
Fred aa hugnad paa vondskapens brett.